

Lindar: Lurén G. Ulla, adr. 6290 Haramsøy

Til Landslaget for bygde- og byhistorie
og
Nasjonsforeningen for folkehelsen.

Ein takk til Dykk som innbyr til minneoppgåve for eldre.

Heimstaden min er på Ulla, ei lita grunnt på nordsida av Haramsøy, Sunnmøre. Eg var fødd den 30. januar 1909. Fouldra mine hette Johanne Andreas dtr. Ulla 1880-1910 og Gustav Lurinson Ulla 1882-1958. Mor døydde i mars 1910. Eg var då berre årsgamal, og det vart farmor som overtok barneskillet. Eg voks opp i heimen til mine besteforeldre, i Fugleiv-garden. Farmor hette Pirine Bernts dtr. Ulla 1861-1947. Farfar hette Lurén Guttormsen Ulla 1857-1935.

I 1913 gifta far seg med enkje Oline Halvorsd. Ulla f. Gjösund som budde i Mitte-garden, næraste nabogarden, og han flytte dit. Oline var enkje etter min morbror Johan Andreas son Ulla (d. 1911). Dei hadde tre smågjentor: Vilhelmine f. 1905, Petronette f. 1907 og Helene f. 1909. I far sitt andre ekteskap kom det to born: Johanne f. 1916 og Johan f. 1917. So me vart ein syskenflokk på seks ialt. Gjolv om me budde i to hus, so hadde me kjensle av å vere ein húslyd og var so mykje saman både i høg og gjeve, i lek og arbeid.

Husa på Fugleiv-garden. Stovehuset på garden er 12,5 m. langt og 6 m. breitt, utan kjeller. Det er av timber, og i roma mede er det pålagd panel. Romet som smur mot aust er 5,5 x 5 m. og 3 glas (storstova). Kjøken 4 x 3,5 m. Gang 4 x 2 m. Kammers 4 x 2,3 m. Romet mot vest 4,5 x 3 m., 1 glas (veststova)

Stovhüset vart oppsett her i 1849. Det var kjøpt i Vikebøgt i Romsdal og bygd på ei brandtomt her på lilla våren 1849. Mesteparten av det gamle klyngetunet her brann ned den våren. Berre eitt av dei 8 gardstuna stod over branden. Stovhusa og uthusa på dei sju andre gardstuna vart bygd oppatt nytt på same tomte som dei nedbrunde husa.

Stabburet står nær abmed stovhüset. Bygd 1881. Grunnfl. $7,5 \times 6$. Driftsbygninga bygd i 1894. Den er 19 m. lang og 9,5 m. breid. Fikkje i bruk no. Der er gamal fjøs med 7 våser, og med gjødselkjetter under. Ein liten stall, og to mindre siloer inne i loda. Ein gamal torvsjå med skjul for hes-staur. Eit naust med plass til to færingar 8×5 m.

Eit stort naust eig eg saman med ein nabo. Det er eit gammalt naust der dei sette inn to ottringer i gamle dagar. $19 \times 6,5$ m. Ein sūmarfjøs burde på lilla holmen. 7 mine barn var her og eit kvartnhus som var i brukbar stand.

Far hadde ein 40 fots motorbåt saman med Hans P. Nakre. Dei dreiv vinterfiske etter sild og torsk. Båten sild i 1919.

Umsse minne frå farne dagar.

Ein augustdag i 1914, som eg feur var søndag 2. august, stod me nokre born og vaksne inne på Leitebakken og såg 3 eller 4 store ^{kyske} krigs-skip som kom dampande i full fart ut Nøgvaffjorden. Ein nabo hadde ein god kikbert med seg. Me borna fekk og sjå i kikberten, og eg minnst at i det siktbare ver, so var det som dei store skipa kom på nært hold. Og me borna som høyrde på samtalan mellom dei vaksne, me skyna at noko alvorleg var i ferd med å hende: At det hadde brote ut krig mellom stormaktene.

Ein dag i mars månad 1915 var motorbåtane her frå Lilla og Lallahamar ute på havet og drog forskegarn. Det var bra vær om morgonen; men båra voks so fort når det leid ut på dagen. Ved den tid når båtane skulde kome inn frå havet var det rett stor bære som braut i det grunne Lilla-sundet, so det var livsfarleg for motorbåtane å reise inn sundet til Lilla. Nokre av gamlekaranne gjekk ut på Hornhamaren og prøvde å vinke til båtane som var på veg mot land, vinke for å få dei til å reise sørover og inn Haramsfjorden der det er djupare farleid. Men 3 båtar stemnde inn Lillasundet, og var ille ute i det grunne farvatnet her. Til all lukke kom dei velberga til lands. For kvinner og dei største borna som gjekk heime her og såg på storebåra som braut mot land, vart denne marsdagen ein dag i angst og spaning.

Mitt fyrste minne om feiring av 17 mai for oss borna var truleg i 1916 eller 1917. Bestemor gav oss borna lov til å halde 17. maifest her i storstova vår, eit rom på 5,5 x 5 m. Når borna var komne på plass so gjekk bestemor til kjøkkendøra ho og sagde: „No gjeng ig, og no lyd. De styre dykk sjölve!“ Dei skulepliktige born den gong var kring 20 ialt. Og kvar hadde sitt visle flagg som me sette i marka her midanfor stovreglaset. Ein gamal komode vart sett på ein høveleg stad i romet og nytta til talarstol. Om det var smått mid talar, so var det nokon som hadde høveleg lesestoff for handa. Og elles var det song og songleik på golvet. Tilslutt gjekk me i tog innover bygdevegen.

Jord-arealet på garden her var kring 35 da innmark
 og nokre da natur-eng til gjæslått. Besteforuldra mine
 leigde finestegjente hule året, og elles ekstra hjelp i slåttomma.
 Til vanleg hadde dei 6-7 kyr og hest, nokre sauer hadde dei
 og ei tid. Kornavlun var årviss, bygg og havre. Eit kvernhüs
 med kvern og utstyr var i bra stand like til kring 1920.
 Eg minnest godt at eg var med far og bestefar når dei skulde
 opp til kvernhüset og male korn. Kornet vart fyrst tørka
 på ein stor komfyr i kjøkenet. Eit arbeid som kvinfolka
 hadde å stille med. Det måtte vere god „kvennabör“ når dei
 skulde male. So dei laut passe på når det var mykje regn
 om haüsten. I 1918 var det tvangsdyrking, og etter måten
 eit stort areal vart fälsädd med korn. Om sumaren
 og haüsten var det sers lagleg ver det året, og eg hugsar
 far sagde at det var den finaste byggavling han nokon
 gong hadde haüsta inn. Her på Ulla hadde dei på den tid
 kjøpt inn eit nytt moderne trüskeverk som var like i bruk.
 Der kom kornet direkte i sekkane, i to eller tre sorteringer.
 Drivkrafta til trüskeverket var ein lagleg bensin-motor.
 Kornet vart lagra på stabbüret, i tunnor eller kornbinger.
 Eg minnest ein dag denne haüsten (1918) etter at
 trüskinga var ferdig, eg kom burt på läven der far heldt
 på med noko arbeid. Han hadde sett fälside nokre fulle
 kornsekker, og han fortalde at desse kornsekkane skulde
 sendast til Rusterike, der det var stor hungersnäud
 den tid verdnskrigen var slutt.

Tarefjöræ. Fjöræ her på Ulla kom det mykje tare iland etter uverskotter om hausten og vinteren. Og eg minnest gamlekarane kor dei køyrde tare! Dei laga kompostdunger av tare, mold og husdyrgjødsel, samanlagt i store dūngar. Det vart mykje køyring med hest og vogn etter vegen her like ved skulehuset. Tarefjöræ på Ulla vart bytt kvar haust. Etter 14. oktober hadde ingen lov til å køyre tare før ny byting var kome i orden. Og ny byting av taren det var mid andre ord: ny plasering av dei einiskilde tarestykke, slik at f. d. den som hadde sitt tarestykke lengst sør eit år har kom næste år lengst nord. Sjølve bytinga gjekk føre seg etter ein gamal metode, det gjekk lenger attendi i tida enn nokon av gamlekarane kunne minnest. Her var ialt 6 tareskippe som skulde byfast slik at kvart bruk fekk sin lut i tareskippe. Dei 8 gardsbruka hadde ikkje same jordvidde. Til sjølve delinga hadde dei ei stong for kvart bruk med filmåta lengd, i samsvar med bruket si skyld eller jordvidde. Og so slo dei naboer i marka slik at dei kunne sikte inn bytelina millom kvart tarestykke. Gamlekarane var påpasselig med tarebytinga, og den vart griddt gjennomført. Sist byting av tarefjöræ her på Ulla var i 1939.

Ein av mine naboer har like vare på stonga som diira tūn nytta når det var tarebyting. Stonga er omlag 2 m. lang og innskore merke for halve stonga, for $\frac{1}{4}$, $\frac{1}{8}$ og $\frac{1}{16}$. Alt tyder på at det frå gammalt skulde vere nøyaktig byting av tarefjöræ!

Ullaholmen ligg her på andre sida av Ullasundet. Til holmen førde dei mjøllekyrne om sūmaren, og tenestegjenta reiste over til holmen både morgon og kveld for å mjölke kyrne. Det kunne ofte vere harde strabadsar for gjentane når dei skulde ro over sundet i kuling og regn.

På Ullaholmen var det og torvmyrer, og det var årvissst arbeid å spa torv der om våren, i slutten av april eller første dagane av mai måned. Oftast vart torvet turt i feda kring jonsok. So vart det å plukke torvet i sekker og trille eller bere torvsekkane ned til båten. Båtane som ein nytta til føring av torvet var gamle kerronger (tre par årer) eller fironger. So vart det å ro båtane over Ullasundet til båtstoa heime. Det var ofte eit slitsamt arbeid med torvføringa.

Denne tida millom 1915-1920 var det 9 motorbåtar her på Ulla og Ullahamar. Båtar av størrelse 35-45 fot, som dreiv torsefiske og sildefiske på havet utanfor øyane her. Det var eit rikt fiske disse åra. Torsken vart tørka og saltet i naust eller i sjøbüder. Om våren vart det å vaska fisken og få den ut på berga til tørking. For oss smågutar var det mykje å sjå, og vere med på. Og me måtte tidleg lære å hjelpe til med ymse arbeid, både inne og ute.

Haüsten 1916 vart eg innskriven ved folkeskulen her på Ulla. Det var 2 klasse ved skulen, 12 vikor bokskule for året og 2 vikor slöyd og handarbeid for største klassar.

Rasmus Godøy var lærer her den haüsten og fram til jul. Summe av dei større borna tykte at Godøy var ein streng lærer, og me nybegynnere hadde stor respekt for han. Halvsyster mi, Helene, var på same alder som eg, og ho byrja på skulen same år. Helene hadde so meir enn lett for å lære både lesing og skriving, og so vart det slik at eg og vilde gjerne fylgje med i dette nye som høyrde til skuleplikta. So me kunne greide å reinlese i ABC boka den tid me byrja på skulen.

Etter nyår 1917 vart Helga Haram lærerinne her. Ho hadde lærerposten til 1920. Frk Astrid Alme var vikar eit års tid, og høsten 1921 vart frk. Ruth Sundt tilsett som lærerinne. Lærinna som hadde skulepost her på Ulla, ho heldt og syskule i Krinsane Nakre, Hustnes, Fem og Rogne.

Første åra eg gjekk på skule var det gardbrukarane her som heldt torv til brunsel i skulen, eit år om gongen. Dei hadde då arbeidet med reinhaldet, og kvikje i omnen om morgonen. I kida kring 1920 vart det ei ordning med å kjøpe kol til brunsel, og det vart slik at to naboer var saman om reinhaldet ei veke om gongen.

Skulestova var samlingsstaden for møte, fester og andre samkomor i den visle grunda. Ved julefester og ved 17. mai fester var det lærinna og skuleborna som stod føre underhaldninga. Ofte kunne det då verte trangt om plassen i skulestova. Kvinnene hadde sine årlege basarer til inntekt for Den norske sjømannsmisjon og for Lantalmisjonen. Då kom det ferdatalarar som reiste for misjonen. Me borna fekk høyre om arbeidet millom våre sjöfolk i framande hamner. Og me fekk høyre om straf-fangen og språk-geniet Lars Skrefsrøn som fekk misjonskall og vart banebrytende misjonær i Lantali.

Lærinna Ruth Sundt leida eit songkor for vaksne, eit blandakor som ofte var med og song når det var fester eller andre samkomor. På sitt reportuar hadde dei m. a. Løvsang av Beethoven. Og jeg så en ny himmel. Jeg minnes en kirke - - Stille, stille - - av Joh. Hvingstad. Utlabrand av K. Wendelborg. Fram då frunder o. fl. Tyttebær ut på tåra - - av Vinge/Liipst.

Det var ellers mykje song og musikk i heimane her. Vanleg húsorgel var det i annakvart hús og i skulestova.

Songarar i koret kunne vere frå 15-16 års alderen og til
nær på 50 års alderen. Av dei eldre garde som var med i koret
frå fyrstninga og var med i mange år minner eg her:

Frø Emma Ulla som lever endå, og bur i Ratvika, Stalisund.
Fik Helga Ullahamar, hadde filif. stasjon i Ullahamar mange år.
Los Luriv K. Ullahammer (1880-1934) Han var solosanger.

Fiskar Ingvald Tomren. Mangeårig bas-songer.

Fiskar Knut Longvanes som flutte til Ullahamar i 1929, var
og med i koret ei tid. Han var levende interisert i song.

Korleis dei to lærarar Ruth Lunde (1921-28) og Strid Skme (1928-33)
kunne få isaman so mange songarar og halde i gang eit
songkor i denne vesle skulekrensen, ja det var eit under!
Lunde år var koret med på songarstemne i Lummøre Songarlag.
Vid festlege høve måtte songkoret ofte fram og syngja, og med
dei øvde songara vart det ein fylldig harmonisk klang i den
vesle skulestova! „Me song so færene kipla av gamlekarane.“
sa dei ein av bas-songarane. „Det går både gjennom marv og ben“
var kommentar ved eit høve!

I 1930 åra og fram til kring 1940 hadde dei gifte kvinner
her på Haramsøy sin årlege morsfest på sjølve jonsokdagen!
Eit år samlast dei på Rüstnes bedehus, eit år på Stku bedehus
og eit år på Ulla skulehus. Det var då festsamkome for dei
gifte kvinner, med servering av mat og kaffi. Underhaldning
hjelptes dei med. Det vart jellis song til orgelmusikk, oplesing
av dikt og småstykker. Lunde hadde eit eller anna å fortelje
frå sitt kvardagsliv. Og sannelig var dei og fram på nokre
dager føre festen og fekk skrivekyndige kvinner og menn
i nabolaget til å skrive prologer og songar! Prologer som
hövde for dagen og tida! Og songar som fekk sin fyrste,
framføring rett til denne festdagen!

I skulehuset her var det elles halde vanlege opbyggelse- møte når tilreisende forkynnere frå ymse organisasjonar kom på staden om hausten og om vinteren.

Kring 1930 og nokre år framover var her eit fråhaldslag for vakne folk og eit lag for born i skulepliktig alder. Disse laga hadde då sine medlems- møte av og til. Og som regel var det ein fråhaldsfest ein gong for året.

Dei som stoet mest for arbeidet i fråhaldslaget, det var los Karl Røre og gardbrukar Karl K. Ulla.

Frå mi barndomstid minnst eg at bestemor ofte las høgt og ei andaktsbok, både i helg og yrkje. Og ho heldt eit småblad som heitte „Fille Spender.“ Eit blad som var utgjeve ved prestur Johannes Barstad i Volda. Seinare kjøpte ho ymse bøker av Ludw. Hope. Bestefar heldt „Sunnmørsposten“ og eg hadde barnebladet „Magne“. Elles lånte eg bøker på skulen.

Hume hadde me ei gamal fele som farbror min åtte i si tid. Når eg var i 10-11 års alderen fekk eg naboen min, han Jo-Martinus til å stemme fele, og han gav meg den fyrste rettledning i felespel. „Dū skal spele salmar“ sagde han til meg. Og det har vorte mest salmar, songar og enkelte melodiar til eige bruk eg har spela. Ei tid heldt eg opp med felespel, og fele vart liggjande strengeløs. Men i 70 års alderen kjøpte eg nye stringar og byrja å spela igjen. No spelar eg ofte. Det er ein frivillig hobby, ein viss gymnastik for kropp og sjæl, – og med gjentyd av tonar frå unge år.

Når so mange av húslydane her på Ulla hadde kjøpt orgel so tidleg, var nok grunnen den at Vestres Orgelfabrikk her på Haramsøy var på markedet med gode kvalitetsorgel. Det var Ludvig Vestre som starta med orgelfabrik her i 1880-åra. Ein fabrikk som har vore driven av tre generasjonar nær på hundrad år.

Postgongen til lilla var lenge 3 gonger for veka. Ei tid i „dei harde fredvårene“ var det post til lilla berre 2 gonger for veka. Rikstelefon kom her noko etter år 1900. Men det var lenge berre 2 private abonnenter. Telefon-linja her vart ofte skada av storm om vinteren. No er telefon-kabelen nedgraven i jorda, og dei aller fleste hus har innlagt telefon. Tafjord kraft fekk one til øyane her i november månad 1923.

Dei fleste gutar og jenter gjekk enten framhaldskule eller ungdomskule etter konfirmasjonen. Summe gjekk navigasjon-kurs eller fiskarlag-skule. For meg vart det 6 mnd. vinterkurs ved Lunnmøre ungdomskule i Lulsteinvik i 1927/28. Det var ei rik tid, i eit godt kameratskap. I 1929 gjekk eg eit års-kurs ved landbruksskulen på Gjermundnes, Vikebøgt i Romsdal.

I 1932 byrja eg å drive garden her på lilla. Det vart å drive med husdyr, og noko grønnsaker til salg på torv i Halesund. Husdyrhaldet med 5-6 mjølkekyr gav ikkje so mykje av seg i dei dagar. Korn dyrking var det slutt med, og fruskeverket vart seld. Med knustegjente og noko ekstra leigehjelp om sumaren dreiv eg garden både i 30 åra og gjennom krigsåra. I krigsåra 1940-45 dyrka me både bygg og kveite. Dei gamle fruske-maskinene kom på nytt til heider og ære i desse åra.

Etter krigen vart det høve til å få leige traktor til slakte-arbeid og til pløgging. Me kom då over til meir mekanisk gardsdrift. I fjøset vart det mjølkesmaskin i 1949. Traktor kjøpte eg i 1957, og ymse riidskap saman med naboer. Eg avvikla husdyrhaldet i 1977 og 1978. Etter den tid er det nokon av naboane mine som høstar inn grasavlinga av det areal som høver for maskindrift.

Nokre hendinger frå krigsåra tek eg med her: 7 april 1942 var det eit engelsk fly som støyte mot Haramsfjellet og flygarane omkom. Fly-vraket vart liggjande på ein liten avsats i den bratte fjellsida som under mot nordvest. Saman med folk frå lensmanns-kontoret var me nokre mann frå Lella, Rüstnes og Haram og fekk like av dei omkomne ned frå fjellet. Me måtte bruke bog og fira like ned frå den bratte fjell-knausen. Der var 4 omkomne i flyet, dei vart gravlagde på kyrkjegarden ved Haram kyrkje, Rüstnes.

Om gravferda skreiv sokneprest P. Hove i kyrkjesoga for H.s. 213: „Ved jordferda i Haram kyrkje den 8. mai, var kyrkja fullsett til siste plass av folk frå öya. Ei tysk tropp under ein löjtnant stod oppstilt i midtgangsen i kyrkja. To uniformerte politimenn var tilstade i kyrkja, og ei dame frå politi-kammeret stenograferte talen. Det høyrde med til bilete av okkupasjons-åra at alt skulde overvåkast og kontrollrast av politiet, jamvel det som gjekk for seg i Guds hus.

Ein av fyrste dagane i oktober 1943 blis det so hastig opp med ein sterk sørkuling, som auka til storm. Det var lummert ver om morgonen, og vinden kom som slept or ein sekk! Vår rutebåten var her om morgonen i 7-tida, so var me 4-5 mann i flyttbåten og rodde burt til dampen. Vel til-landkomne såg me ein fering med ein mann ombord som dreiv hjelpelaus ute i Lillasundet. I ei fart vart ein gamal frerong sett på sjøen, og med 5 mann ombord rodde me ut gjennom sundet. Mannen som dreiv der hjelpelaus i ein liten fering som var slegen halofull av sjö, og utan årer, det var ein tysk soldat frå vaktposten som stasjonerte ved Lella fyr på Kvernholmen. Og mannen kom då forkommen men allberaa til lands.

Den same oktoberdag i 1943 hadde eg ei kornhøs som stod på åkren her framfor tønnet onitt. Denne kornhøsa vart heilt medslagen av stormen den dagen, og kvite-kornbanda fekk ei hard medpart. Eit trist arbeid var det å plukke saman kornbanda igjen og få dei opp i ny høs. (høs el. hus)

Ein ulukkesdag her på øyane var den 24 okt. 1944 då rutebåten „Eira“ vart ved eit syrgjelig mistak vart utsett for åtak av britiske fly. „Eira“ var nylig gått frå kai ved Kjerstad og var komen innover mot Kistøya.

Det var 14 menneskje som miste livet den dagen, mellom dei var ein av våre naboer, Karl K. Ulla, i Larsgarden her.

Ulla fyr på Kvernholmen vart skoten i brand den same dag.

Etter krigen vart det mykje utflytting av unge folk her frå Ulla. I 1959 vart skulen nedlagd, og dei skulepliktige borna vart henta med bil til skulen på Hustnes. Med nedlagt skule og sterk utflytting av unge folk, so vart det og slutt med møte fester og samkomor i skulehuset her på Ulla. Det vart å finne fram til dei ymse samkomor på Hustnes, alt etter som interessa er. Når det vart brusbånd mellom Ulla og Fleim^{i 1970} so har det og vorte meir samkvem mellom disse to øyane.



Pensjonsalderen kan og vere bra, og have sin eigen sjarm når helse er toleg bra. Høyrsla har vore noko nedsatt med meg, so eg greidde ikkje alltid fylgje med når det var lågmalte talarer i kyrkje eller samlingshus. Men no brukar eg høreapparat og høyrer so godt! Det er ein rik opplevelse å få høyre tale og song og musikk! Eg likar å lese gode blad og bøker, les utan briller! Og eg avslutter denne minneoppgåva med ei songstrofe av Frar Nasen: „Kjært er livet med all sin harm, det klårer alt som det gjunger. Men endå treng eg ei von i barm, om eit som varer lenger!“



Värningshus
bygd av
Gustav S. Ulla
år 1930.

Foto sett från N Öst

smalt fön på Ulla: Stove, stabbur, torvsjå, driftsbygning bak stova.



Gamla stovbyggnad på Ulla, Karamsög. Ägar: Lavin G. Ulla.

Dette er organisasjonskomiteen:

Instituttchef Eva Beverfelt
Formann, professor Olav Bø
Cand. philol. Jon Ola Gjermundsen
Husmor Kristi Hjermann
Konsulent Gerd Høiby
Professor Andreas Ropeid
Amanuensis Dagfinn Slettan
Aktuar Gunnar Trier
Sekretær Velle Espeland

Adresse: Universitetet i Oslo
Institutt for folkeminnevitenskap
Boks 1014, Blindern
Oslo 3

Namnesetel:

Namn: *Lervin G. Ulla*

Født: *30. jan. 1909* Kvar: *Ulla Karamsög*

Adresse: *6290 Karamsög*